



VESTFOLD, TELEMARKE OG AGDER
KONTROLLUTVALGSSEKRETARIAT IKS

Møteprotokoll

Tokke kontrollutval

Dato: 13.03.2025 kl. 09:00

Stad: Kommunehuset, møterom Teknisk

Arkivsak: 25/00011

Til stades: Stein Olav Lie (Ap), Tove Palmork Haavelmoen (Ap), Sigvart Asle Lie (H),
Tone Dale Solvang (Sp), Steinar Mandt (Sp),

**Møtande
varamedlem:**

Forfall: Kommunedirektør Finn Arne Askje

Andre: **Tokke kommune**
Kommunedirektør Finn Arne Askje
Beredskapskoordinator Ann Wraa
Kommunalsjef skule Tone Lunde Skaalen
Kommunalsjef Knut Erik Paulsen
Økonomisjef Magne Sturød

Vestfold og Telemark revisjon IKS
Forvaltningsrevisor Geir Kastet Dale

Vetaks IKS
Rådgjevar Marianne Lundeberg

**Merknad til
innkallingen:** Inga.

**Godkjenning av
sakslista:** Godkjend.
Handsama slik: sak 1 – 5 – 7 - deler av 8 - 2 – 3 – 4 – 6 deler av 8, 9

**Godkjenning av
møteprotokoll:** Godkjend.

Møteleiar: Stein Olav Lie
Protokollførar: Marianne Lundeberg

Sakskart			Side
Saker til behandling			
1/25	25/00166-2	Orientering om samfunnstryggleik, beredskap og krisehandtering	3
2/25	24/00617-7	Tilbakemelding til kontrollutvalet i høve skulemiljø	4
3/25	25/00320-1	Orientering frå kommunalsjef Bygg, eigedom og kart	5
4/25	25/00182-1	Økonomirapportering 13.03.2025	6
5/25	25/00061-2	Erklæring om at revisor er uavhengig - forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2025 - Tokke kommune	7
6/25	25/00309-1	Prosjektplan sjukefråvær og bemanning - Tokke kommune	8
7/25	25/00067-1	Årsmelding for kontrollutvalet 2024	9
8/25	25/00051-1	Referatsaker 13.03.2025 - Tokke	10
9/25	25/00056-1	Innspel til kontrollarbeid 13.03.2025 - Tokke	11

Dalen, 13.03.2025

Leiar
Stein Olav Lie

Rådgjevar/utvalssekretær
Marianne Lundeberg

Saker til behandling

1/25 Orientering om samfunnstryggleik, beredskap og krisehandtering

Behandlet av	Møtedato	Saksnr
1 Tokke kontrollutval	13.03.2025	1/25

Innstilling fra sekretariatet

Forslag 1: Saka vert teken til vitande.

Forslag 2: Kontrollutvalet ynskjer ei attendemelding når avvika er lukka, hausten 2025.

Møtebehandling

Beredskapskoordinator Ann Wraa orientera munnleg i saka.

Beredskapsplanen blir handsama i Kommunestyret 17.06.2025.

Votering

Omforent forslag samrøystes.

Vedtak

Saka vert førebels teken til vitande.

Kontrollutvalet ynskjer ei attendemelding når avvika er lukka, hausten 2025.

Kontrollutvalet ber da om ei skriftleg attendemelding.

2/25 Tilbakemelding til kontrollutvalet i høve skulemiljø

Behandlet av	Møtedato	Saksnr
1 Tokke kontrollutval	13.03.2025	2/25

Innstilling fra sekretariatet

Forslag 1: Saka vert teken til vitande.

Forslag 2: Kontrollutvalget ber om ei tilbakemelding på kva som er gjort med avvika frå statsforvaltaren sin rapport «Tilsyn med Tokke kommune sitt arbeid for å sikre eit trygt og godt skulemiljø» i løpet av hausten 2025.

Møtebehandling

Kommunalsjef skule Tone Lunde Skaalen orienterte i saka.
Presentasjon gitt i møtet er vedlagt saka.

Votering

Omforent forslag samrøystes.

Vedtak

Saka vert teken til vitande.

3/25 Orientering frå kommunalsjef Bygg, eigedom og kart

Behandlet av	Møtedato	Saksnr
1 Tokke kontrollutval	13.03.2025	3/25

Innstilling fra sekretariatet

Saka vert teken til vitande.

Møtebehandling

Kommunalsjef Knut Erik Paulsen orientera i saka.

Orienteringa er knytt til oppfølginga av forvaltningsrapport «Sakshandsaming - byggeløyve og konsesjon frå 2023 i sak 15/24.

Presentasjon gjeve i møtet vert sendt sekretariatet og lagt som vedlegg til saka.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Saka vert teken til vitande.

4/25 Økonomirapportering 13.03.2025

Behandlet av	Møtedato	Saksnr
1 Tokke kontrollutval	13.03.2025	4/25

Innstilling fra sekretariatet

Saka vert teken til vitande.

Møtebehandling

Økonomisjef Magne Sturød møtte for økonomirapportering.

Presentasjon som ble gjeve i møte vert sendt sekretariatet og lagt som vedlegg til saka.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Saka vert teken til vitande.

5/25 Erklæring om at revisor er uavhengig - forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2025 - Tokke kommune

Behandlet av	Møtedato	Saksnr
1 Tokke kontrollutval	13.03.2025	5/25

Innstilling fra sekretariatet

Dokumenta «Skriftleg eigenvurdering» i samband med erklæring om revisor er uavhengig - oppdragsansvarleg forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll blir teken til etterretning.

Møtebehandling

Dokumenta «Skriftleg eigenvurdering» i samband med erklæring om revisor er uavhengig - oppdragsansvarleg forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll vart lagt fram i saka.

Votering

Omforent forslag samrøystes.

Vedtak

Dokumenta «Skriftleg eigenvurdering» i samband med erklæring om revisor er uavhengig - oppdragsansvarleg forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll blir teken til vitande.

6/25 Prosjektplan sjukefråvær og bemanning - Tokke kommune

Behandlet av	Møtedato	Saksnr
1 Tokke kontrollutval	13.03.2025	6/25

Innstilling fra sekretariatet

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan som den ligg føre frå Vestfold og Telemark revisjon IKS.

Møtebehandling

Vestfold og Telemark revisjon IKS v/Forvaltningsrevisor Geir Kastet Dale møtte for dialog om forvaltningsrevisjonsprosjektet. Kontrollutvalet diskutera seg fram til neste prosjekt.

Votering

Omforent forslag samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet bestiller prosjektplan på sjukefråvær og bemanning som den ligg føre. Rapporten vert avgrensa til undersøking av tilsette innan helse, teknisk og kommunehuset, samt at ein gjennomfører spørjeundersøking av leiarar, tilsette, verneombod og tillitsvalde. Kontrollutvalet bed om å få høve til å justere problemstillingane i prosjektet, i møtet 22.05.2025.

7/25 Årsmelding for kontrollutvalet 2024

Behandlet av	Møtedato	Saksnr
1 Tokke kontrollutval	13.03.2025	7/25

Innstilling fra sekretariatet

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for kontrollutvalet for 2024 slik den ligg føre.
Årsmeldinga vert send kommunestyret.

Tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret tek den framlagte Årsmeldinga 2024 for Tokke kontrollutval til vitande.

Møtebehandling

Sekretariatet lag fram forslag til Årsmelding for kontrollutvalet 2024.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for kontrollutvalet for 2024 slik den ligg føre.
Årsmeldinga vert send kommunestyret.

Tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret tek den framlagte Årsmeldinga 2024 for Tokke kontrollutval til vitande.

8/25 Referatsaker 13.03.2025 - Tokke

Behandlet av	Møtedato	Saksnr
1 Tokke kontrollutval	13.03.2025	8/25

Innstilling fra sekretariatet

Saka vert teken til vitande eller vedteke punktvis.

Møtebehandling

Punkt 1: Saker i kommunestyret

KS 12.12.2024

PS 92/2024 Budsjett 2025, handlingsprogram og økonomiplan 2025-2028.

10. Kontrollutvalet Kommunestyret vedtek budsjett for 2025 for Kontroll og tilsynsverksemda i Tokke kommune med ei ramme på kr 963 000, i samsvar med vedtak i Kontrollutvalet.

KS 11.02.2025

PS 14/2025 Varsel på øvste leiing i Tokke kommune

Saksprotokoll frå kommunestyret er lagt som vedlegg til saka.

RS 7/2025 Foreløpig tilsynsrapport – samfunnstrygleik og beredskap i Tokke,
lagt fram i same møte i sak om orientering om beredskap.

Neste kommunestyre 25.03.2025

Punkt 2: Statlege tilsyn <https://tilsynskalender.statsforvalteren.no/>

Punkt 3: [NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2025 - NKRF](#)

Betraktning/referat frå Kontrollutvalgskonferanse 29. - 30. januar 2025.

Punkt 4: Gjennomgang av innkommen post:

- Klage av 22.01.2025 frå Bodil Nordjore blei lagt fram for utvalet.

Kontrollutvalet ser at det er forskjellige politiske utvalsmedlemmar i LMT (to valperiodar) i dei ulike sakene det er referert til i førespurnaden. Viser til tekst frå førespurnaden; «At det treffes ulike vedtak i ellers tilsvarende saker (som sågar omhandler de samme eiendommene)»
Utifrå dette kan ikkje kontrollutvalet sjå at det ligg føre sakshandsamingsfeil.

- Rapport til arbeidstilsynet av 27.02.2025 blei sendt til informasjon til kontrollutvalet. Møtet blei lukka. Av KML. §11-5 tredje ledd ved framlegging dokumentet, dokumentet er unntatt offentlegheit. offl. §13 første ledd, jf FVL. §13 første ledd 1, og andre ledd.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Punkt 1,2,3: vert teken til vitande.

Punkt 4:

- Klage av 22.01.2025 frå Bodil Nordjore: Kontrollutvalet går ikkje vidare med førespurnaden.
- Rapport til arbeidstilsynet av 27.02.2025: Kontrollutvalet tar «Rapport til arbeidstilsynet av 27.02.2025» med seg som informasjon, inn i arbeidet med forvaltningsrevisjon.

9/25 Innspel til kontrollarbeid 13.03.2025 - Tokke

Behandlet av	Møtedato	Saksnr
1 Tokke kontrollutval	13.03.2025	9/25

Innstilling fra sekretariatet

Møtebehandling

Votering

Vedtak